



Jostein Saghaug medlem i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

**Etter vedtak i Kommunestyret i kveld vert det ikkje samanslåing av Eldrerådet og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Jostein Saghaug fekk fast politisk plass i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Magne Huglen fekk fast plass i Eldrerådet. Møyfrid Kristoffersen vart varamedlem i Eldrerådet.**

Loverket opnar opp for ei samanslåing av desse to utvala. Kommunestyret sa nei til eit samla råd. Begge råda har fem faste medlemmer og fem varamedlemmer. Kommunediretøren hadde også framlegg om å redusera talet medlemmer frå fem til tre. Det vart også røysta ned.

Jostein Saghaug ( MDG ) peika seg klart ut til ein plass i det eine utvalet. Han har ved mange høve fronta saker som går på livskåra for funksjonshemma. Han har sjølv ei sosialfagleg utdanning og kjenner godt til saker som omhandlar funksjonshemma.



[Møyfrid Kristoffersen vald inn på varaplass i Eldrerådet \( Arkivfoto \).](#)

Magne Huglen har tidlegare vore fast representant i Kommunestyret for Ap. I den same perioden var han også leiar for Oppvekst- og kulturutvalet. Magne Huglen er allsidig i sine interesser og han har ei stor kontaktflate som tidlegare lærar og no eigar av Dønhaug Gjestegard.

Møyfrid Kristoffersen har over lang tid engasjert seg i saker for å betra livssituasjonen for menneske med rusproblem. Ho har vore aktiv med lesarinnlegg og direkte spørsmål og skriv til administrativ- og politisk leiing i kommunen.

Med vedtaket i kveld i Kommunestyret er Uskedalen betre representert enn slik det såg ut straks etter valet i haust.

Tekst/ nett: Kristian Bringedal  
Foto: Privat/ Uskedalen.no